

Møteprotokoll

Utval: Ålfotbreen verneområdestyre
Møtestad: Teams
Dato: 05.03.2021
Tidspunkt: 10:00 – 12:00

Følgjande faste medlemmar møte:

Namn	Funksjon	Representerer
Jacob Andre Telvik Nødseth	Leiar	Kinn
Irene Storøy	Nestleiar	Bremanger
Janne Marie Solheim	Medlem	Gloppen
Åsmund Berthelsen	Medlem	Vestland

Frå administrasjonen møte:

Namn	Stilling
Sverre Sæten	Naturoppsyn
Alf Erik Røyrvik	verneområdeforvaltar

Underskrift:

Vi stadfestar med underskriftene våre at det som er ført på dei sidene vi har signert i møteboka, er i samsvar med det som vart vedteke på møtet.

Saksliste

Utvals- saksnr	Innhald	Lukka	Arkiv- saksnr
ST 1/21	Godkjenning av innkalling og sakliste		
ST 2/21	Signering av protokoll frå førre møte		
RS 1/21	Ålfotbreen verneområdestyre - orienteringssaker styremøte 1/2021		2019/10793
ST 3/21	Eventuelt		
ST 4/21	Ålfotbreen verneområdestyre - prioritering av tiltaksmidlar for 2021		2019/4056
ST 5/21	Ålfotbreen verneområdestyre - arbeidsplan for 2021		2019/2582

ST 1/21 Godkjenning av innkalling og sakliste

Saksprotokoll i Ålfotbreen verneområdestyre - 05.03.2021

Vedtak ST 1/21

Innkalling og sakliste vart godkjent

ST 2/21 Signering av protokoll frå førre møte

Saksprotokoll i Ålfotbreen verneområdestyre - 05.03.2021

Vedtak ST 2/21

Protokoll frå styremøte 4/2020 vart godkjent utan merknader. Protokollen vert signert på neste styremøte.

Utval	Utvalssak	Møtedato
Ålfotbreen verneområdestyre	1/21	05.03.2021

Ålfotbreen verneområdestyre - orienteringssaker styremøte 1/2021

Driftsbudsjett for 2021.

Styret har fått 100.000 til drift i 2021. Det er noko mindre enn vi har budsjettert med og søkt om (122.000), og det er vesentleg mindre enn vi brukte i fjor (155.000).

Vi har ikkje kompetanseprogram i år, og vi bør heller ikkje kjøpe inn kle eller andre artiklar. So vi sparar inn noko der. Vi bør likevel vere medvitne på forbruket gjennom året.

Det er viktig at styremedlemmene sender inn krav fortløpande, slik at vi ikkje går på ein sprekk mot slutten av året.

Korona

Statsforvaltaren har i februar hatt strenge retningslinjer for verksemda grunna smitteutbrot både i Hordaland og i Sogn.

I Nordfjord er situasjonen stabil, og drifta går som normalt.

Vi følgjer likevel føreingane som embetet har, mellom anna skal vi i utgangspunktet ikkje ha eksterne møter.

Dialogmøte om nye nasjonalparker

Miljødirektoratet hadde møte med aktuelle kommunar 25.februar. Statsforvaltaren og verneområdeforvaltar deltok og på møtet. Forvaltar vil referere frå dette møtet i sjølve styremøtet.

Forlenga engasjement med Sverre Sæten

Sverre sitt engasjement som vikar for Rune Holen i SNO er forlenga til å gjelde ut 2021. Det er altså Sverre som vert naturoppsyn med ansvar for Naustdal-Gjengedal og Ålfotbreen.

Rammeavtale om tenester ute på anbod

Kvart år kjøper Naustdal-Gjengedal og Ålfotbreen tenester frå lokalt næringsliv. Særleg gjeld dette arbeid i samband med tiltak. Forvaltninga har i vinter hatt dette arbeidet ute på anbod, der vi fekk inn fleire relevante tilbod.

Vi kjem til å skrive rammeavtale for 2+1 år med Bygdeservice (primært Gloppen og Bremanger), Gravdal Skog og Hageservice (primært Sunnfjord og Kinn) og Skogkonsult (større skjøtselsoppdrag).

ST 3/21 Eventuelt

Saksprotokoll i Ålfotbreen verneområdestyre - 05.03.2021

Vedtak ST 3/21

Ålfotbreen verneområdestyre skal opprette Administrativt kontaktutval. Kontaktutvalet skal vere eit forum for kommunikasjon mellom verneområdeforvaltninga og adminstrasjonane i kommunane og fylkeskommunen.

Styret delegerer til verneområdeforvaltar å opprette og drifte utvalet, basert på følgjande føringar:

- Administrativt kontaktutval skal primært basere seg på effektive, elektroniske møter.
- Utvalet skal ikkje ha fast møtestruktur, men ha møter ved behov.
- Det er viktig at kommunane har god nytte av å delta i utvalet og vi skal legge vekt på kompetanseheving.

Forvaltar tek kontakt med kommunane og inviterer dei til å delta i utvalet. Kommunane kan sjølv bestemme kor mange og kven som skal vere med.

Utval	Utvalssak	Møtedato
Ålfotbreen verneområdestyre	4/21	05.03.2021

Ålfotbreen verneområdestyre - prioritering av tiltaksmidler for 2021

Saksprotokoll i Ålfotbreen verneområdestyre - 05.03.2021

Vedtak

Ålfotbreen verneområdestyre har fått 300.000 i tiltaksmidler for 2021. Styret fordeler dei i utgangspunktet slik:

Pri.	Navn	Fordelt sum
1	Informasjonsskilt ved Strømsneskrysset	50000
2	Turskilt	15000
3	Ny wire i Sælebotkora	15000
4	Tilrettelegging i innfallsport Førdedalen	60000
5	Ny bru ved Skarvevatnet	50000
6	Innfallsport Grøndalen	85000
7	Utbetring av veg i Hope	25000
	Totalt	300000

Styret kan gjere omdisponeringar seinare i året dersom det vert naudsynt.

Dokument i saka:

- Søknad om tiltalsmidlar for 2021
- Tildeling av tiltaksmidlar frå Miljødirektoratet

Bakgrunn

Ålfotbreen verneområdestyre får kvart år ei tildeling med tiltaksmidlar frå Miljødirektoratet. Midlane er statlege investeringsmidlar frå post 1420.31 i statsbudsjettet. Kort fortalt skal midlane nyttast til tilrettelegging, skjøtsel og informasjonsarbeid, og i tråd med retningslinjer og føringar frå direktorat og departement.

Ålfotbreen verneområdestyre sette opp ei prioritert bestilling av midlar på siste møtet i 2020. Verneområdestyret søkte om totalt 460.000. Lista vart sendt til Miljødirektoratet som har gått gjennom alle tiltaka og vurdert dei opp mot postføremål og føringar. Det mest vanlege er at direktoratet vurderer kva tiltak som er innanfor og utanfor postføremålet, og at verneområdestyret får ein «pott» med midlar til fordeling blant dei tiltaka som er vurdert som innanfor postføremålet. Det er og vanleg at tildelinga er mindre enn søknaden, og at styret derfor må fordele og prioritere dei midlane dei får.

Tildeling

- Ålfotbreen verneområdestyre har fått 300.000 i tiltaksmidlar i 2021.
- Miljødirektoratet har vurdert det slik at bokprosjektet fell utanfor postføremålet.

Pri.	Navn	Status	Innvilget beløp	Kommentar
1	Bokprosjekt	Utenfor postformål	0	vurdert på 1420.21, men nådde ikke opp
2	Informasjonsskilt ved Strømsneskrysset		0	
3	Turskilt		0	
4	Ny wire i Sælebotkora		0	
5	Tilrettelegging i innfallsport Førdedalen		0	
6	Ny bru ved Skarvevatnet		0	
7	Innfallsport Grøndalen		0	
8	Utbetring av veg i Hope		0	
	Samlet pott	OK	300000	

Meir detaljert oversikt vert lagt ved sakspapira.

Handsaming i møte:

Styret må fordele og eventuelt prioritere dei tildelte midlane for 2021. Midlane kan fordelast mellom dei tiltaka som er søkt om midlar til og som er godkjent av Miljødirektoratet. Vi har fått 300.000, og det totale kostnadsoverslaget på dei tiltaka som er «godkjent» av direktoratet er på 340.000. Vi må derfor «spare inn» 40.000.

I søknaden om tiltaksmidlane vart tiltaka prioritert med unik prioritering. Denne prioriteringa er eit utgangspunkt, men den kan endrast no.

Utval	Utvalssak	Møtedato
Ålfotbreen verneområdestyre	5/21	05.03.2021

Ålfotbreen verneområdestyre - arbeidsplan for 2021

Saksprotokoll i Ålfotbreen verneområdestyre - 05.03.2021

Vedtak ST 5/21

Årsplan for 2021:

- Neste styremøte vert onsdag 9.juni.
Dersom ver og smittesituasjon tillet det, og det praktisk let seg gjennomføre, so vert styremøtet kombinert med synfaring med båt på Hyefjorden og Nordfjorden.
- Styremøtet i september vert kombinert med synfaring i Bjørndalen og ved SFE sine anlegg dersom det let seg gjere.
- Dato for styremøte 3/2021 og 4/2021 vert sett ved hjelp av Doodle so raskt som råd.
- Styret skal oppdatere tiltaksplan for Ålfotbreen landskapsvernområde i løpet av året.

Saksutgreiing

Vi er i gang med eit nytt år, og det kan vere lurt å legge ein plan for arbeidet og aktiviteten i styret i det komande året. Ein arbeidsplan vil gjere det lettare å jobbe strukturert og godt gjennom året.

Styremøte

Vi har lagt opp til fire styremøte i 2021. Vi har ikkje satt dato på dei tre siste møta enno. Det kan vi gjere ved hjelp av Doodle når alle har fått oversikt over møteplanane, eller vi kan sette datoane i dette styremøtet.

Synfaringar

Vi bør ha minst ei synfaring i løpet av året. Det er lettast å få til i sommarhalvåret (mai til oktober), og er sånn sett mest praktisk å ha i samband med styremøte 2/2021 eller 3/2021.

I fjor hadde styret synfaring i Ålfoten og Førdedalen, for å sjå

Andre aktuelle stader:

- Hope
- Grøndalen
- Blåbrebu
- Gjeugnabu
- Bjørndalen (krev samarbeid med SFE)
- Tur med båt langs Hyefjorden og til dei veglause gardane langs Nordfjorden.

Strategisk styrearbeid

Vi har ikkje noko pågåande arbeid med planer eller liknande dokument for tida. Men styret kan vurdere å oppdatere tiltaksplan for Ålfotbreen LVO i 2021. Både som førebuing til søknad om tiltaksmidlar for 2022, men og får å sette sitt preg på forvaltninga.